



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/26868
Saksbehandlar: Kristin Otneim
Aarsnes
Dato: 26.05.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/109	Stad formannskap	03.09.2026
26/114	Stad kommunestyre	10.09.2026

Høyring av Forskrift om satsar for berekning av grunntilskot for private barnehagar 2027, Stad kommune, Vestland

Bakgrunn for saka:

Kunnskapsdepartementet har fastsett ny nasjonal forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar.

Kommunen er etter barnehagelova § 19 a og forskrift om finansiering av private barnehagar § 1 pålagt å fastsetje satsar for berekning av grunntilskot for private barnehagar. Satsane skal fastsetjast i lokal forskrift, og forskrifta skal kunngjerast på Lovdata.

Kommunane fekk i mai avklart at forskrifta skal vere ferdig behandla innan 30.11.2026, og iverksett frå 1. januar 2027. For å overhalde dei nasjonalt fastsette fristane for høyring, vedtak og iverksetjing av forskrifta, og i høve Stad kommune sin møteplan, bør Stad formannskap fastsette *Forskrift om satsar for berekning av grunntilskot for private barnehagar 2027, Stad kommune, Vestland*.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommunestyre legg framlegg til *Forskrift om satsar for berekning av grunntilskot for private barnehagar 2027, Stad kommune, Vestland* ut på høyring. Høyringsfristen er sett til 5. november 2026.

Stad kommunestyre delegerer myndet til å fastsette denne lokale forskrifta til Stad formannskap: *Forskrift om satsar for berekning av grunntilskot for private barnehagar 2027, Stad kommune, Vestland* - Jf. barnehagelova §§ 19-19c og finansieringsforskrifta § 1. Kommunestyret vert orientert om forskrifta i desember.

Vedlegg i saka:

17.08.2026	Høyring framlegg til forskrift om satsar for berekning av grunntilskot private barnehagar	1876438
27.08.2026	Vedlegg berekning grunntilskot til private ordinære barnehagar 2027 - til høyring	1878922

Stad formannskap 03.09.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

F - 26/109 Vedtak:

Stad kommunestyre legg framlegg til *Forskrift om satsar for berekning av grunntilskot for private barnehagar 2027, Stad kommune, Vestland* ut på høyring. Høyringsfristen er sett til 5. november 2026.

Stad kommunestyre delegerer myndet til å fastsette denne lokale forskrifta til Stad formannskap: *Forskrift om satsar for berekning av grunntilskot for private barnehagar 2027, Stad kommune, Vestland* - Jf. barnehagelova §§ 19-19c og finansieringsforskrifta § 1.
Kommunestyret vert orientert om forskrifta i desember.

Saksopplysningar:

Kommunen er frå og med hausten 2026 pålagt å fastsetje satsar for berekning av grunntilskot for private barnehagar i lokal forskrift. Satsane skal sikre at private barnehagar får eit økonomisk grunnlag som står i rimeleg forhold til kommunale barnehagar, og at finansieringa skjer i tråd med nasjonale reglar.

Stad kommune har gjennomført berekningar i tråd med finansieringsforskrifta § 6, basert på KS/PBL sin berekningsmodell – sjå vedlegg. Framlegg til satsar for grunntilskot i 2027 som skal høyrast:

Ordinære barnehagar

- Barn frå null til to år: 301 762 kr
- Barn frå tre til seks år: 162 270 kr

Vurdering:

Tilskotssatsane vil påverke kommunen sine samla utgifter til private barnehagar. Endringane frå førre år vil avhenge av:

- kostnadsutvikling i kommunale barnehagar
- endringar i barnetalet
- endringar i bemannings- og driftskostnader

Det er ikkje venta vesentlege avvik frå tidlegare år.

Det er ikkje vurdert som aktuelt å differensiere tilskot i Stad kommune knytt til kommunale satsingar, fordi private barnehagar vert likebehandla med kommunale barnehagar knytt også til satsingar.

Ekstra grunntilskot er heller ikkje vurdert som aktuelt i Stad kommune, då utgifter som skuldast særlege driftsføresetnadar eller særlege behov i barnegruppa, vert kompensert gjennom ressursteam/ refusjonar.

Vi har ikkje kommunale familiebarnehagar i Stad kommune, slik at tilskotssats for private familiebarnehagar vert fastsett gjennom nasjonale satsar. Det same vil gjelde for evt. opne barnehagar.